

## Nytt politisk arbeidsår

Stor takk til alle som har vendt seg til oss med små eller store saker! Sjølv om valet for lengst er over, er vi umåteleg glade for alle innspel. Dersom vi skal gjere godt politisk handverk, er vi heile tida avhengige av ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane i Hareid. Vi har lova å ta veljarane på alvor og lytte til dei gjennom heile valperioden. Vi ser også svært gjerne at alle interesserte møter opp på gruppemøta våre og tek del i diskusjonane, slik at vi som valde representantar og varafolk får mest mogleg kontakt med "grasrotmeiningane".

Ein viktig grunnstein i ideologien vår er at folk ikkje skal føle at dei vert overkøyrde av det politiske eller administrative systemet.

Ein annan grunnstein er "openheit" i vid tyding, slik at innbyggjarane kan etterprøve valprogram og politiske prioriteringar og vedtak. Berre slik kan innbyggjarane få innsyn, og verte delaktige i utviklinga i kommunen. Etter vårt syn må desse to grunnsteinane vere på plass, dersom Hareid skal stå fram som ein raus og romsleg kommune med eit godt omdøme. Godt nytt år!

Folkelista for Hareid kommune